

Tildelingskriterier for Helse Vest innovasjonsmidlar

Satsinga på innovasjon er nedfelt i styringsdokumenta og såleis eit ansvar i det enkelte føretaket i føretaksgruppa. Helse Vest deler kvart år ut innovasjonsmidlar for å stimulera til innovasjon og organisasjonsutvikling i regionen.

Kven kan søke:

Søknaden må fremmast gjennom et helseføretak eller privat ideelle avtaleinstitusjon i Helse Vest. Søkar har ansvar for at søknaden er fullstendig, det vil si at søknadsskjema er korrekt utfylt.

Dersom søknaden ikkje oppfyller vilkåra eller er ufullstendig, kan søknaden bli avvist på formelt grunnlag. Helse Vest RHF kan be om tilleggsopplysingar til søknaden, dersom det er behov for det.

Ein kan søkje om innovasjonsmidlar uavhengig av kva fase i innovasjonsprosessen prosjektet er i. Det skal vise i søknaden kva fase prosjektet er i. Samstundes er det også opent å søkje midlar for prosjekt som har mottatt ekstern finansiering, eksempelvis frå Innovasjon Norge. Dette skal også gå fram av søknaden.

Innovasjonsmidlar kan tildeles til både tenesteinnovasjonar og produktinnovasjonar.

Frist for å søkje:

Søklarar må sende inn søknaden til føretaket innan **15. september**. Føretaket gjennomfører prioriteringa og har frist for å sende inn prioriterte søknader til Helse Vest RHF **20. oktober**. Tildelingsbrev om midlar blir sendt til kvart føretak og privat ideell institusjon i desember.

Støtte gjennom innovasjonsmidlar blir vurdert ut frå desse kriteria:

- Midlar vil fremst gi støtte til initiativ som understøttar den regionale innovasjonsstrategien 2016-2020. Søknadar skal ta i vare minst eit av satsingsområda i strategien;
 - a. psykisk helse og rus
 - b. kroniske lidingar
 - c. kvalitet i behandlinga
 - d. effektiv ressursbruk

Det skal spesifiserast kva strategisk verkemiddel innanfor satsingsområdet, søknaden ivaretek.

- Nytteverdi for helsetenesta

Prosjektet vil bli vurdert ut frå samfunn nytte og/eller kostnad-nytte for verksemda. Det skal vere brukarmedverknad i planlegginga og gjennomføringa av prosjekta. Gjer greie for korleis dette er tenkt ivareteke.

- Realistisk plan for gjennomføring. Beskriving av korleis prosjektet er tenkt gjennomført; ressursar, tidsplan; spreining og annan økonomisk støtte etc.

Ofte vil det vere fleire finansieringskjelder til eit innovasjonstiltak. Det kan vere ein styrke at ein får meir igjen for eigne midlar ved at fleire deltek.

Handsaminga og vurderinga av søknadar:

Det lokale helseføretaket skal prioritere sine søknader før dei sendes inn til Helse Vest RHF. For private ideelle søkjarar tek Helse Vest RHF hand om prioriteringa.

Det regionale innovasjonsnettverket bidrar til å vurdere søknadane ut frå kriteria, og rådgjer RHF-et i sakshandsaminga.

Leiargruppe i Helse Vest RHF gjer den endelige tildelinga av midlane.

Innovasjonsmidlar gis for eit år om gongen og det er forventa og midlar blir brukt opp innanfor det året det blir søkt om midlar for. Har prosjekt ikkje kome i mål innan tidsplanen kan det søkjast om innovasjonsmidlar på ny, dersom det grunngjevast kvifor prosjekta har blitt utsatt eller forsinka. Prosjektet skal då prioriteras sammen men de andre søknadane frå føretaket.

Det kan søkjast om å omdisponera innovasjonsmidlar, innanfor det året midlane er gitt, frå eit prosjekt til eit anna. Det gjeld berre mellom prosjekt som er tildelt innovasjonsmidlar.